

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 3 2017

Nybyggjarane på Elgane

Side 2-5

Se meg Basar

Side 18-19

Kultur i Løå

Side 20-21

Kommuneplan

Side 26-27

Varhaug- marken

Side 28



Jærmesså

Side 32-33



Gardsbruk:
Bureisingsbruket
Langholen på
Elganefeltet ein gong
tidleg på 1960-talet.
Legg merke til
mjølkerampen. Dette
var før mjølk tankane
si tid, og mjølka vart
levert til Varhaug
Meieri i spann.

Nybygggarane på Elgane

Traktoren stod jamsides hesten på 1950-talet. Den nye tida var i emning, men dei færreste hadde i sine villaste fantasiar tenkt tanken om at det kunne gå an å planta livd, dyrka jord, produsera mat og skapast heimar og verdiar på ville, snaue Elgane. Men det var før ein kunstnar frå Telemark kom på synfaring.

Tekst: Sjur Håland

Elgane i Varhaug bestod av villgras, myrull og lyng. Det snaue, ugjestmilde området på Høg-Jæren, 180-200 meter over havet, var ikkje anna enn sur, hylande vind, kalde, blaute myrar og tung, steinrik fastmark. Arealet låg veglaust, svart og aude like fram til midt på 1950-talet.

Historia om Elgane-feltet og dei unge bøndene som fekk hand om ein flekk jord og starta med å byggja gard og framtid med så nær berre to tome hender som det går an å koma, er med andre ord av nyare dato.

Telemarking med vyar

Kortversjonen startar med ein telemarking. Anders A. Buen (1910-1977) var oppfinnar, kunstnar og felemakar frå Jondalen nær Kongsberg (han er far til kunstnaren Knut Buen). Buen kunne meir enn å byggja feler. Etter at krigen tok slutt 8. mai 1945 fekk han hand om ein del reiskap og maskinar etter okkupasjonsmakta. Den kreative Buen utvikla delar av dette utstyret til grøfte- og nydyrkingsføremål. Med krigsåra i mente ivra telemarking for både framtidretta arbeidsplassar og å auka graden av sjølvforsyninga

av mat her til lands. Han ville nytta ny maskinteknikk og nye prinsipp for bygging av driftsbygningar for å gjera det enklare med bureising og nydyrking, tankar han delte med Landbruksminister Rasmus Mathias Nordbø (1915-1983), som han kjende godt frå før.

Etter ei synfaring på Lista og på Jæren, enda Buen opp på Høg-Jæren laurdag 15. august 1953, der fylkesagronom Lars H. Kvadsheim synta han utmarka på Elgane. Same kvelden tok Buen og Kvadsheim kontakt med Varhaug-bonden

Rasmus Varhaug (1895-1964). Det enda opp med ein søndagstur dagen etter som overtydde Buen om at Elgane var den rette åstaden for satsinga.

Handlingsdyktige Rasmus

Seinare var ein større delegasjon, inkludert statsråd Nordbø, på synfaring på Elgane. Einar K. Time, som då var heradsagronom i Varhaug og Nærbø, skrytte seinare av dei lokale kreftene som bidrog til å realisera prosjektet. Arbeidsnemnda sin formann var Rasmus Varhaug.

- *Rasmus sette aldri ut eit arbeid til i morgon som kunne gjerast i dag, han var ein ruvande føregangsmann og ein uredde leiartype, skreiv Einar K. seinare, og fortel at det ikkje gjekk meir enn ein månads tid før kommunen hadde fått hand om jorda.*

Ting tar likevel tid, trass i handlingsdyktige og uredde jærbar. Det vart fleire rundar om kva som skulle følgja med parsellane, og kven (staten eller kommunen) som skulle betala for til dømes veg, kanalar, dyrking og starthjelp til bureisarane. Bureisingsprosjektet var også ein del av styresmaktene sin strategi for landbruksforskning og -utvikling. Mange, blant andre Landbrukshøgskulen på Ås, skulle ha eit ord med i laget under planlegginga.

I avtalen låg at Anders Buen skulle få eit bruk på Hålandslettene for å driva forsøksdyrking og testa ut nye prinsipp for driftsbygningar. Dette vart aldri noko av. Buen trekte seg frå prosjektet med grunngjeving i at han ikkje fekk det naudsynte tilskotet frå Landbruksdepartementet på 50.000 kroner som han meinte hadde vore ein føresetnad. Åtte bureisarar

Til slutt kom partane i mål med Elganefeltet. Tysdag 26. mars 1957 melder Stavanger Aftenblad at 1800 mål av Elganefeltet er tilrådd utdelt



Rasmus Varhaug.

til åtte bureisarar. Romund Sundvor og Tore Ånestad er dei to einaste som ikkje har Skretting til etternamn. Bureisarane som heiter Skretting er Torsten, Mikkjel, Abraham, Lars, Tobias og Ragnvald. Aftenbladet har snakka med formannen i arbeidsutvalet for Elganefeltet, Rasmus Varhaug. Han formidlar at dei åtte gardane får kring 200 mål kvar, og at dei nye brukarane tar over gardane ein gong i løpet av våren.

Prosjektet vart ikkje heilt slutført før den offisielle høgtida for opprettinga av Elganefeltet fann stad med mykje gjævt folk til stades på kommunehuset på Varhaug 17. august 1961. Ein av dei inviterte gjestene som benka seg rundt festbordet i tredje etasje på kommunehuset var den 24-år unge bureisaren Jens Ånestad.

- *Frøylandfeltet vart utvikla parallelt med Elganefeltet, eg hugsar godt at dei Frøyland var med på denne markeringa, fortel Jens, om møtet for 56 år sidan.*

To av parsellane vart selde utan forkjøpsrett. Romund Sundvor bureiste på den eine, Slettene, medan broren til Jens, Tore, hadde fått hand om den andre parsellen som heitte

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygdeungdomslag, Varhaug bygdekvinnelag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, DNT Edru Livsstil, Vennelaget for Lerbrekk Skule, Elgane Motorsykkel klubb og Vennelaget for Lennsmannsløa

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Terje Lerbrekk, 4H

Sekretær

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Kasserar

Brit Obrestad, Vennelaget Lerbrekk skule

Styremedlem

Lenita Salte, bondelaget

1. varamedlem

Kjartan Aanestad, skulekorpset

2. varamedlem

Elin Hobberstad, Elgane

Redaktør

Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

"Det ligg ein kyrkjegard ved hav

i still og einsam ro.

og graset legg om namnlaus grav
ein gløymselektednad god.

Men ein og annan merkestein
held fast eit minne enn
der han står vakt om deira bein
som levde i vår grennd "



Langholen. Tore hadde så vidt byrja på grunnarbeidet til driftsbygningen då han fekk tilbod om å kjøpa garden han tidlegare hadde pakta i Telemark. Han valde å flytta austover. Yngste broren Jens takka ja til å ta over bureisinga på Langholen.

Blant krava som vart stilt til bureisarane var at dei måtte ha landbruksutdanning.

- *Eg gjekk på Vinterlandbruksskulen på Jæren, som vinteren 1959/60 var på Tu skule, minnest Jens.*

Konegjengane planta livd

Til dei ulike gardane som skulle byggast på Elgane var det knytt forskjellige krav. Livdbeltet som i regi av Rogaland Landbruksselskap vart strekt rundt det store feltet, måtte gjerdast inne.

- *Eg hugsar godt då dei trea vart planta, det var konegjengar frå stasjonen på Varhaug som sette dei små plantene i jorda, fortel Jens, og legg til at bruka fekk ansvar for å gjerdast på begge sidene av livdbeltet.*

På Langholen var det knytt forsøk med grøfter og grøfteavstand. Det var ein del av vilkåra for gardahandelen.

- *Krevjande nok til tider, me hadde blant anna forskarar frå Ås på overnatting på divanen i stova, minnest Gerd Ånestad, som vart gift med Jens og flytte til Elgane i 1966.*

Smedle dæ?

Garden til Jens Ånestad var på 236 dekar. Det offentlege tok på seg kostnadane for oppdyrking av dei første 50 måla, medan dei sponsa dyrkinga av dei neste 50 måla slik at rekninga til Jens vart på 5000 kroner.

- *Det var strevsamt, eg hadde ikkje stort meir av jordisk gods enn ein moped, men eg hadde to brør, Lars og Hans, som dreiv sine gardar på Ånestad. Begge hadde traktorar og var til stor hjelp for meg både i*

starten og seinare, fortel Jens.

Driftsbygningen, med tjue båsar og plass til purker i nordre enden og sauer i løa, var ferdig i 1961. Året etter, i 1962, var våningshuset ferdig.

- *Det var midt under den intense Cubakrisa, då verda var svært nær ein atomkrig. To sambygdingar, Gunleif Lerbrekk og Halfdan Hobberstad, arbeidde for Jæren elektrisitetsverk med straumlina mellom Håland og Elgane. Eg hadde tilgang på siste nytt gjennom radioen og hugsar Halfdan stakk hovudet inn på kjøkkenet ein dag og ropte: «Smedle dæ?»*

Vatn do og dusj

Jens grov to brønner på garden utan å finna vatn. Seinare fekk han kopla driftsbygning og hus til den kommunale vassleidningen frå Vannavatnet, då ordna det seg med både dusj og VC. Bøndene vart prioriterte og slapp å venta lenge på å få innlagt telefon. Jens måte likevel venta ei tid før telefonen kunne koplart til.

- *I mellomtida gjekk eg til Albret på Røyrmyrå og lånte telefonen.*

Dei første åra hadde han hest til bruk i gardsdrifta. For å koma seg til og frå brukte han moped, seinare ein

Tempo-motorsyssel. Ryggsekken var bagasjerom. Når han skulle kjøra på øving med Musikklaget, hadde han gitaren i fanget. Livet på Langholen på Elgane var strevsame og lite gullkanta i starten. Men gunstige lån hjelpte på. Dei fem første åra var skattefrie.

- *Det var uansett lite å skatta for. Eg var bankerott frå første stund, seier Jens og ler. - Alle måtte streva for føda i den tida. Eg var ikkje åleine. Det var faktisk ei trøyst i at eg delte lagnad med mange.*

Pansergravemaskin

Sønene til Kaius Ueland, Malvin, Sven og Kåre var driftige entreprenørar. Dei dyrka jorda på Langholen med ein bulldosar, og ei tysk panservogn frå krigens dagar, bygd om av kreative varhaugsbuar til ein praktisk vaiergravemaskin.

- *Brøyten kom nokre år seinare og revolusjonerte dyrkinga, fortel bureisaren.*

I fjøset starta han opp med fire kyr og nokre få sauer. Kyrne leigde han av brørne sine.

- *Det var ein gunstig leigeavtale, smilar Jens.*

Vinterfjøret vart hesja i starten, før siloen tok over. Bløyte gjorde det mest

umogleg å dyrka korn på garden. Etter kvart kom den første traktoren, ein Massey Ferguson 30, som seinare vart erstatta med ein MF 135. Bondelivet på Elgane var godt, trass alt strevet. Og det vart endra betre då Jens vart gift med Gerd. Dei tre borna, Tarald, Guri og Ståle kom i løpet av tre år. Bilsertifikat og ei praktisk VW-Boble, løfta komforten mange hakk.

Samarbeidet med brørne Hans og Lars var alltid godt. I siloslåttane var det liv og røre. Det dampar frå grytene då Gerd kokte middag til arbeidsfolka samstundes med at ho stelte hus og tre småborn.

Vêrharde Elgane

- *Det var gilde år, seier dei to samstemt.*

Vinden og uvêret kunne skapa uhygge på Elgane. Jens var alltid uroleg når det bles, og var snar med å springa opp i løa og sikra løedøra med ekstra tauverk.

- *Nokre gonger hadde eg ei kjensle av at løa stod og svaia på grunnmuren når det bles som verst, hugsar han.*

Ei svart orkannatt registrerte dei at hustaket bles av eit våningshus på ein av nabogardane, heldigvis utan anna en materielle skadar. Ein vinter var dei isolerte ei heil veke etter mykje snø og eit kokande rennedrev.

Gode naboar

- *Etter tre dagar nådde dei store hjullastarane frå grustaket på Refsland fram til oss. Rett etter at mjølkebilen hadde fått henta mjølka, bles vegen til att og me var*

åleine fire dagar til. Dyrlege Berge måtte gå til fots når han måtte ut for å behandla sjuke dyr, minnest Gerd og Jens.

Avsides, nei det kom eg aldri på, seier Gerd. - Me hadde det trygt og godt. Begge to skryt av naboane, som Halldis og Sigurd Håland på garden Varmekrå på andre sida av vegen.

- *Gode naboar gir trygghet. Slik var det for oss også, seier dei.*

Seinare, då det vart etablert kommunal søppelfylling på Elgane, fekk dei overta og planta i ein del av trea som vart fjerna rundt tunet. Då byrja det å koma seg. I dag er trea store og vinden er på langt nær så slitande som han var.

Spreke pensjonistar

Det er ei tid for alt. Også for eit travelt bondeliv. I 1991 kjøpte Gerd og Jens hus på Stasjonen. Gerd hadde sitt arbeid hjå Aadnesen på Nærbø, medan Jens tok studiekompetanse og fekk mange gode arbeidsår som lærar. I dag er dei aktive pensjonistar med stor familie og mange barnebarn. Den spreke 80-åringen Jens kvilar ikkje på laurbæra. Han tar dagleg turen på sykkel frå Stasjonen opp dei tunge Hålandsbakkane og vidare dei lange motbakkane opp til Langholen for å hjelpa sonen Tarald med fjøsstell og anna arbeid.

Kjelder:

Gerd og Jens Ånestad.

Einar K. Time; Frå lyngrun hei til grønkledde bygd. Varhaug Bondelag 75 år



FRÅ REDAKSJONEN

Kva gale har me gjort når me vert straffa med regn og atter regn – nærast i bøttevis –veke ut og veke inn? Sol ein dag og mykje regn den neste, slik har det mest vore i heile sommar. Både hagemøbler og grill har vore ubrukt hos mange, og dei har og hatt problem med grasplenen. Dette er jo trist, men det er ingen ting mot bøndene, som ikkje kjem ut på marka grunna «bløydå». 2.slåtten står igjen hos mange, og på Ueland står til og med noko av 1.slåtten og grin mot oss. Dette er triste greier, og ganske tøft for bøndene. Men nå har skulen starta igjen, og då plar som oftast verta godt ver.

Som de vil sjå i bladet, er det eit hav av aktivitetar ein kan bruka fritida si på framover mot jul. Trur det er noko her for dei fleste, både små og store.

Eg har vore heima heile sommar, men skal siste helga i august til Spania på jentetur med Rogaland bygdekvinneforbund. Reknar med at eg då får litt sol og varme. Kanskje vert det og ein liten tur seinhaustes, kven veit?

Ynskjer alle ein fin haust med godt ver.

PS. Så gildt at Vennelaget for Lensmannsløa nå er kome med som medeigar i Varhaugbuen. Velkomne i laget



Tarald Ånestad har vore bonde på Langholen sidan 1991. Her er han flankert av mor og far, bureisarane Gerd og Jens Ånestad.





FOTOKLUBBEN

Varhaug fotoklubb startar hausten med møte, måndag 4. september kl.1900 i Løå.

Det blir faglege innslag og bidrag til inspirasjon frå nokre av våre eigne medlemmer denne kvelden.

Alle gamle og nye medlemmer oppfordres til å ta med bilete frå ferien. Hugs at det ikkje berre er dei solfylte dagane som gjer dei gode motiva, kanskje like bra med litt "rossjever" når det kjem til foto?

Hjertelig velkommen til alle fotointeresserte!

Her er nokre fargerike glimt frå gode sommardagar (Foto: Asle Haukland)



Ein oppdatering frå Varhaug Bygdekvinnelag

Nå er folk tilbake i kvardagen. Sommaren har vore spesiell i år, men me kan ha gode minner til tross for at det vart litt vel vått. Været må me ta som det kjem.

Me håpar på ein god og fin haust. Bygdekvinnelaget ønsker at mange kjem på møtene.

Når dette kjem på trykk har me hatt basar. Dette er ei viktig inntektskjelde for laget, og så har me det gildt og.

Me skal ha årsmøte den 28.9. Då vil bl.a. Terje Øen fortelja frå Rogalandsgarden i Kamerun. Dette er me engasjert i, og det er interessant å få veta litt meir om prosjektet. Det blir servert pizza.

På møtet vårt den 26.10. kjem leder for Fjordkjøkken for å fortelja om dette eventyret som starta på Varhaug. Fjordland er blitt synonym for all ferdigmat. Denne bedrifta har gitt mange gode arbeidsplasser for vårt distrikt. Me har lov å vera stolte.

30.november er det tid for å komma i julestemning. Då vil Lotus Blomster pynta juletre for oss og visa oss anna julepynt. Litt sang og musikk får me og.

Alt dette viser at Varhaug Bygdekvinnelag er et aktivt og levande lag. Me har god plass til nye medlemmer, og er åpne for forslag til kurs og aktiviteter me kan gjera saman.

Og så vil me minna om **Gågrupper** kvar mandag frå Iden kl 0930.

Trimmen med Sissel Høien kvar tirsdag kl 1000.

Strikkekafe 1. mandag i kvar månad i Løestova kl 1630.



Sommaren på hell ...



... å hvilken sommar, i regnets favør. Eg håpar virkelig at hausten har noko betre å by på. Bøndene er flinke å finne løysningar å halde motet oppe, men trur kvar enkel av oss har lurt på korleis dette skal enda? Me kryssar fingrane for ein fantastisk haust. Ellers var styret i Oslo å demonstrerte, ved brudd i landbruksforhandlinga. Det var ein flott sommardag i hovudstaden. Og me fekk fram budskapet, å blei møtt med tommel opp å positivitet blant folket. Me var og oppe grytidleg ved Skurve, for å hindre utkjøring av matvarer. Me fekk oppmersomhet, utan å stoppe noko særleg transport. Dei var reist før me kom. I skrivende stund, har me nettopp hatt open gard, me seie oss nøgde med arrangemente, trass regn å jallfall tri andre ting som gjekk av stabelen same dag. Det blei enn roleg koseleg dag, der folk rusla rundt blant dyr, traktorar, maskinar og litt smådyr. Det var salg av diverse t-skjorter, grillmat, drikke og lappar. Dei besøkande kunne bli ansiktsmåla, kose med smågrisar og delta på natursti.

Eg vil benytte anledningen å få takka alle som bidrog til att me kunne gjønåføra open gard. Varhaug Bygdekvinnelag, Varhaug Bygdeungdomslag, 4H for natursti og ansktsmaling, Eik for premiar, Felleskjøpet for capsar, Tine for gifts til besøkende, Landkreditt for gifts til besøkende og Nortura for vertsgaver. Og sist men ikkje minst, Lauritz Stokkeland for nokre heilt utrulegt gode gulerøde. Takk for god hjelp hjå Spar og Roxman for gode pølse/hamburgerbrød. Tusen takk til Håkon Varhaug og Sverre Varhaug som opna garden sin for alle. Når dette kjem på trykk, har me delteke på Jærmessa, der me står på stand for ein god drøs og salg av fargerike t-skjorter med glade budskap. Ellers tek me sikte på ein bondepub utpå hausten, og årsmøtet blir som før, halde i Oktober. Eg kryssar fingrar, armer og føter for ein torr haust. Er det noko de lurar på, ynskjer, ta gjerne kontakt med styret.

Styret, Varhaug Bondelag

KULLSYREMASKIN FRA AGA



899,-
inkl. patron

bytte av
patron
149,-

Finnes i sort eller hvit

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED:

- EU kontroll
- Hjulstilling
- Service
- Tilhengerservice
- Salg av dekk
- Dekkhotell



Varhaug Servicenter A/S

Godkjent bilverksted • 51 43 02 33




I år var landsstevne på Jørstadmoen i Oppland. Mandagen og tirsdagen ble brukt til årsmøte der en delegat fra hvert lokallag går. Det ble diskutert mye, og mange gode debatter.

Etter 2 dager på årsmøtet var det tid for Bankett, der blei det god mat, flotte taler og en del swingdansing. Landsstevnet åpna offisielt på Tirsdag med konsert med Lakameis. De blei tevla i både eksteriørbedømming, TRT, førstehjelp, osteinretning, blomsterdekoring å masse meir. Me har hatt konsert med blant annet Onkelp & jaa9, Staysman å Lazz, Vaseline biloppheggers,

Staut og Byting. Me hadde også andre aktivitetar som airbord, paintball, gardsbesøk og Rogaland BU sin vannsklie. Og ikkje nokk me det, men me hadde strålendes sol og over 20 grader kvar dag. Me hadde 3 par frå Rogaland med i swingtevinga som blei avholdt fredag og finale på lørdag. Me har alle hatt ei super vega oppe på Jørstadmoen og me gler okke allereie til neste år.



**VI HAR FLYTTET TIL STASJONSVEGEN 24,
FREMDELES PÅ VARHAUG**



**NYTT BAD?
VI HJELPER GJERNE MED PLANLEGGING OG PROSJEKTERING**



51 79 83 10



JÆRTREFFET 2017

15. - 17. SEPTEMBER
VARHAUGHALLEN

HER BLIR DET LIV! KOM OG DANS



Nordisk leir i Kalnes

Nordisk leir 29. juli - 5. august

I år reiste 4 medlem og 2 leiarar frå Svala 4h til Kalnes for ein vekelang leir. Me låg i telt, reiste på aktivitetar som golf og blomsterdekorering og kosa oss. Temaet for leiren var saga to science og me var innoft alt frå vikingar til måneferd og Allsang på grensen.

Fylkesleir i Rogaland 23. - 25. juni

Det var 13 medlem og 1 vaksen frå Svala 4h som reiste på denne leiren. Den blei avhalde i Vikedal i Vindafjord kommune, nord for Boknafjorden. Her skifta veret frå sol og varme til uvær og kaldt. Me hadde det veldig fint på leir, med mange aktivitetar å velje imellom.

Bademøte 22. august

På bademøte så var det rimelig godt vêr og ikke så mye vind, me hadde volleyball, sandslott og bading på agendaen etter at klubbaktivitetene var gjennomført. Me hadde med oss en haug med snille foreldre til og vere med og passe på ungene når de var og badet. Me var på nordenden av Brusandstranda.

Svala 4H er 25 år

og vil markera dette saman med haustfesten fredag 20. oktober.



Varhaug sykkelklubb på hjul igjen

Etter en periode med lite aktivitet har Varhaug Sykkelklubb nå i sommer startet opp igjen med faste sykkelturet hver mandag kl. 18.00. I tillegg er det mulig å delta på sykkelbakketrening på Auestad hver torsdag kl. 18.00.

Mandagsturene har blitt godt mottatt med fra snaut 10 til over 20 deltakere hver gang. Turene varer 1,5 til 2 timer og er typisk på ca. 4 mil. Tempoet er slik at de aller fleste er i stand til å delta, og går vanligvis nordover eller sørover alt etter hvilken vei vinden blåser. For å sikre at det blir tur hver mandag, har en del av medlemmene tatt på seg å ha

ansvaret for turene - slik at det for hver tur er to ansvarlige (som enten møter selv eller får noen til å møte for seg). Dette har fungert veldig godt - og vi opplever stor entusiasme blant deltakerne.

Frem til nå har det vært flest menn som har deltatt på turene. Vi håper fremover at vi også får med flere damer (men vi har også plass til flere menn - veien er lang og har god plass).

Varhaug Sykkelklubb tar sikte på å tilby trening en gang hver uke gjennom hele året. Men det arbeides for å se om det er mulig å få til innendørs spinning i stedet for utendørs sykkelturet noen av de mørkeste vintermånedene. I den grad dette lykkes vil informasjon bli gitt på facebook.

5. oktober arrangerer vi medlemskveld med noe å bite i. Dette skjer i lensmannsløa og starter kl. 20.00. Da ønsker vi velkommen til både medlemmer og folk som ønsker å bli medlemmer. Det vil være mulig å melde seg inn på selve arrangementet. Det vil også være mulig å få kjøpt/ bestilt sykkelklær fra Varhaug Sykkelklubb sin kolleksjon.

Varhaug Sykkelklubb har plass til flere medlemmer. Hvis dette er noe for deg - ta kontakt med Joackim Jeremiassen på telefon 94134691.

Jonas Varhaug
Styrets leder

NORGESHUS
Varhaug
jonharald@norgeshus.no

Varhaug
Park & Hage
Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

Lars Gaute Sport
sport 1
VARHAUG 51 43 28 80 NÆRBØ 51 43 43 10

TAH BYGG AS
BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

VARHAUG
hud & fotterapi
HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut
Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69

Solarium
"Det er stor helsegevinst med et godt Solarium-besøk"
Huse & Sælvaen AS
Kerastase
L'OREAL
RÅDHUSGT. 3, VARHAUG • TLF. 51 43 10 18



Nytt frå Misjonshuset

Hausteleg ute

No er det haustleg ute – og full fart på møter og kor på misjonshuset.

Noko som fleire kan vere med på, er bønnesamlinga der dei samlast som er med og ber for Varhaug,- noko som blei starta for lenge sidan då Terje Nag var prest på Varhaug.. Dersom det kan vere noko for deg, så er det på ungdomsloftet torsdag 7/9 kl 1930.

Elles er det basarkvelder og møter og julemesser. Sjå program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Dersom du liker å syngja i lag med andre, så er det eit rikt kor-tilbod på misjonshuset. Minikor (for barn frå 4 år), yngreskor, musikklag (med mest veldig godt vaksne) og koret Hananja for dei i beste alder. Men ungdomskoret er no stoppa.

I tillegg til kor,- er det fleire lovsongsgrupper som øver på misjonshuset og dei deltek ved ulike samlingar,- og dei er fast innslag på SUNDAG. (SUNDAG er felels samling på søndagar i oddetals veker)

Og innimellom er det utleigd til selskap og ymse andre slags arrangement.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er berre 1 time, men ein kan tinga rom ved bruk av internett, sjå internettsida til misjonshuset. E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid

Hå sjakk for vaksne

No vert vaksne spelarar invitert til å vere med i Jæren Sjakklubb. Den starta me opp i februar, og då vårsemesteret var til ende var det 36 medlemmer i klubben.

I vår blei det eit samanlagt resultat og Jærmeister i sjakk 2017 vart kåra. Bestemann var Ahmad Abdelhafiz, nr 2 vart Daniel Sinnes og nr 3 vart Oskar Feed Jakobsen.

I Altibox Norway Chess NGP 2017 deltok klubben med 7 spelarar, og i gruppe C vant Pål Hovstad,- eit resultat som vart lagt merke til i sjakknorgem og her vart Daniel Sinnes nr 3. Også Jon Albert Tveita, Olav einervoll og Arvid Feed jakobsen hevda seg godt.

Norges Sjakkeforbund hadde landsturnering i Stavanger 30. juni – 8. juli. Og i hovedturneringa («det store NM») deltok 11 medlemmer frå klubben. Besteman av klubbmedlemmane blei Daniel Sinnes,- han vart nr 5 i klasse 4, og han vart vinnar av klasse 4 i lunsjakkNM! Og leiar i klubben, Per-Arvid Jakobsen, kom på femteplass i gruppe senior B.

Dette var ei god oppleving for oss 11 som deltok, og fleire er påmeldt til neste landsturneringa 2018 som vert arrangert av Moss sjakklubb i Sarpsborg 6-14 juli 2018. se

nettsiden for NM: <https://www.sjakknm2017.no/> for resultata og 1000-vis av bildar.

Klubben startar opp att 23. august og har lagt opp til eit variert program for hausten.

Klubben har fått egen internettside: <https://www.Jarensjakk.no>

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakklubb»



Hå skulesjakk:

Flott om fleire vil vera med

TERMINLISTE HØSTEN 2017

Onsdag 30. august - Hurtigsjakk

Onsdag 6. september - Lunsjakk m/tidshandicap

Onsdag 13. september - Høstturneringen, runde 1-3

Onsdag 20. september - Høstturneringen, runde 4-6

Onsdag 27. september - Høstturneringen, runde 7-9

Onsdag 4. oktober - Lunsjakk

Onsdag 18. oktober - Quad-turnering

Onsdag 25. oktober - Temakveld: Kongegambit

Onsdag 1. november - 960 (Fischer random)

Onsdag 8. november - Hurtigsjakk

Onsdag 15. november - Lunsjakk m/tidshandicap

Onsdag 22. november - «trekantsjakk»

Onsdag 29. november - Temakveld: sluttspill

Onsdag 6. desember - Utslagsturnering (cup)

Jæren Sjakklubb spelar på Bryne VGS kvar onsdag kl 1900-2200.

På torsdagar frå 1700 til 1900 kan ein koma på Bryne bibliotek og spele sjakk i ein meir uformell tone. Her vil fleire frå klubben vere med å gje opplæring i sjakk for nybegynnarar,

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid

Skulesjakken har vore på Vigrestad torsdagar. Men denne hausten vert den på Varhaug på onsdagar kl 1730-1845. I Lensmannsløa. Årsak er at det skal byggjast om på Vigrestad, biblioteket skal inn i kulturtorget, dei lokala der me har spelt sjakk og som også tidlegare har vore bibliotek.

Under Varhaugmarken hadde Hå skulesjakk VM i utesjakk. Sjå bilete, der Varhaugmeister i Utesjakk 2017 vart Arvid Feed Jakobsen foran Olav Einervoll og Roar Sola.

Klubben stilte med lag frå to skular i Altibox norway Chess skoleturnering. Laget frå Varhaug skule med Sven Tobias ueland, Asle Kydland og Knut Morten Skrettingland vart nr 14 av 32 lag, medan laget frå Vigrestad vart nr 28. På det laget deltok Aron Kvien, Bjørn nygård og William Ben Nilsen.

Dersom nokre fleir vil vere med å spele sjakk, så er det flott. Me ønsker at dei som er med gpr i andre klasse eller er eldre. Og vi holder på med speling, opplæring og oppgåveløysing. Velkomen til sjakk i Hå.

Me har ei side på facebook, sjå gruppe «Hå skulesjakk». Og elles er det informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

KVA SKJER?

**PÅ VARHAUG MISJONSHUS,
For deg i 5.-8. klasse?**

FRES

Annakvar fredag kl. 18:30-20:15

**Her vert det andakt og spanande
aktivitetar - skvting, idrett, kunstverkstad,
radiostyrte bilar, klatring, sminke/hår,
spelegruppe og matlaging!**

Datoar haust 2017:

**01.09. 15.09. 29.09. 10.11. 24.11.
08.12.**

Vår 2018:

**05.01. 19.01. 02.02. 02.03. 16.03.
13.04. 27.04.**



YNGRESKORET

Øving kvar måndag fram til haustferien,

og annakvar måndag resten av året.

Oppstart 28. august kl 18:00-19:00 kontakt Anne

Margrethe tlf : 482 66 184 for info om Yngreskoret

24 HOURS!

27.-28. oktober

24 HOURS er ein barnefestival som haldas i Loen idrettshall på Nærbø. I eit døgn er 450 barn samla for å høyre gode andaktar og bra musikk, vere med på teambuilding og kule aktivitetar. Blant aktivitetene vert det:

- Bungee-run
- Sumobryting
- Svømmehall
- Skøyter i ishallen
- Bowling
- Lagebord
- Bruskasseklating
- Dansegruppe
- Film

**meir info om
24hours**

på www.hakyrkja.no

VARHAUG MISJONSHUS

**På misjonshuset er det mye kjekt å velge i for alle
aldre!**

Søndagskolen

Hver søndag
10.30-11.00
Misjonshuset
0-6 år

Humblebølet

Hver tirsdag
Misjonshuset
10.00-12.00
0-6 år

Spiren

Annehver torsdag (oddetall)
Fra 16.45- 17.45
Varhaug skule/ Lensmannsgarden
barnehage
Oppstart 31. august
Fra 4 år

Minikoret

Hver mandag fra 17.15- 17.50
Oppstart 28 august
Fra 5 år

Spiren

16.30-18.00
Annehver torsdag i oddetallsuke
Misjonshuset
Fra 3.klasse

Yngreskoret

Hver mandag
Kl 18.00
På misjonshuset
Oppstart 28 august
Fra 5.klasse

Fres

Annehver fredag i oddetallsuker
Oppstart 1. september
Fra 5.klasse

Åpent hus

Hver fredag
Kl 20.00-23.30
Misjonshuset
Fra 8.klasse

Ungdomslaget

Lørdager
Misjonshuset
20.00
Fra 8 klasse

Dette skjer på biblioteket Varhaug denne hausten:

Fredag

1

september

PURREAMNESTI

Me feirer nasjonal bibliotekdag med purreamnesti: Kom innom biblioteket og få sletta purregebyret ditt!

Tysdag

3

oktober

kl. 13.30

BIBLIOTEKKINO

Me viser film om alle dyra i Hakkebakkeskogen.

Filmen varer i 1 time og 15 min. Tillate for alle. Gratis!

Torsdag

5

oktober

kl. 19.00 - 21.00 STRIKK OG BOKDRØS

Som ein variant av vår vanlege bokkafé, vil me innby til Strikk og bokdrøs. Britt Astrid Helland Ek og Tove Obrestad Wøien frå biblioteket vil ha bokprestentasjonar, kanskje også høgtlesing. Ane Thomassen frå Krims & Krans presenterer aksjonen Oransje skjerf. I tillegg vert det rikeleg med tid til strikking (eller anna handarbeid) og drøs.

Kaffi/ te/ twist. Gratis.

Oransje skjerf-aksjonen til Kirkens bymisjon har engasjert i fleire år, og vert omtala som Årets strikkedugnad. Dette året med ein ny vri, der Kirkens Bymisjon ynskjer å nå ut til endå fleire. Krims & Krans vil presentere deira engasjement for prosjektet. Det vil bli høve til å kjøpe garn og bli med på strikkedugnaden. Ta i så fall med pinne 5 om du har.

Torsdag

2

november

kl. 18.00

BOKKAFÉ

Bokprat ved Britt Astrid Helland Ek og

Tove Obrestad Wøien.

Kaffi/te/twist. Gratis!

Torsdag

7

desember

kl. 17.30 - 18.30

BOKKAFÉ FOR BARN

Britt Astrid Helland Ek fortel og les frå nye bøker. Frå ca. 4 år – 2. klasse.

Gratis. Enkel servering.



Ordfører i Hå, Jonas Skrettingland, tok i mot sommertoget. Foto: Ida Tibergh, Jærbladet

Sommertoget til Brusand

10. august var ein dag mange hadde sett fram til, Facebook rann over med reklame for arrangementet og Jærbladet passa og på å få ut informasjon til flest mogleg. Hå- buen var spente på oppmøte og korleis litle Brusand ville gjera seg på skjermen.

Ungdomsklubbane og Hå ungdomsråd hadde eigen stand på Brusand. Her kunne ungar få gratis ansiktsmåling, eller ungdomar/ vaksne kunne kjøpa seg t-skjorte med valfritt trykk. Då me møtte opp nokre timar før arrangementet starta, var me likevel ikkje først. Gjester hadde allereie teke turen grytidleg for å sikra seg parkering og gode plasser. I løpet av eit par timar krølte det av folk i sentrum av den litle bygda, og snart var sceneshow og musikk på plass i tillegg til stander og bodar rundt heile plassen.

TV-sendinga fekk nok dei fleste med seg, men for dei som var på Brusand hadde sommertogkomiteen laga underhaldning på ei eiga scene før sendinga.

På scena underhaldt ungdommar frå UKM (Ung kultur møtes), ei av dei Gitta frå Brusand som song og spelte for eit fullstappa publikum. Elles stilte Hå kulturtorg med si Sirkusførestilling, og begeistra mange med sine festlege innslag og fine humor.

Jærhatten pynta ekstra opp i folkemengda, og dei flotte damene fekk nokre minutt på scena der dei fortalte om kva dei driv med

Kor mange kan ha teke seg tid til å vitja Brusand denne dagen? Det er vanskeleg å seie, men ein trur at det totalt var innom 11 000, og nokre tusen færre under sjølve sendinga. Slett ikkje verst! Fredag morgon stilte fleire opp igjen for å ta forvel med toget, og jammen sat ikkje Stavangerkameratane på togstasjonen og snakka om framtida og ny song. På reiseradioen fekk me og høyra om gulrotgarden på Brusand, og romantikk mellom ei nydeleg Varhaugsjente og ein flott Brusandbu.

Ein fantastisk dag med mykje gode minner, og ikkje minst nydelege naturfilmar frå perla Brusand

Monica Cecilie Herredsvela

10.september kl.15.00 braker det løs på Iden!

Tusen takk til Varhaug IL, alle bedrifter og privat personer som har bidratt med utrolig flotte premier, mat og pynting. Deres samarbeidsvilje og raushet gjør det mulig for oss å stelle i stand fest og basar.

SeMeg - Stasjonen jobber for barn og ungdom som er i ulike pårørende situasjoner. Det er i dag over 80 familier mellom Klepp og Egersund som benytter seg av tilbudet. De får pr.dags dato ingen fast støtte fra stat eller kommune. For å kunne drive med dette viktige arbeidet, er SeMeg - Stasjonen avhengige av frivillige personer som er villige til å være en del av fellesskapet og bidra best mulig på flest mulig måter.

Vi er 13 damer som har dratt i gang basar til inntekt for det flotte arbeidet de gjør på SeMeg - Stasjonen. Dette er litt skummelt, da ingen av oss i

komiteen har erfaring med å stelle i stand basar, men så utrolig spennende det er! Vi må bare kjøre på å tenke som Pippi: dette har vi aldri gjort før, det får vi helt sikkert til:-)

SeMeg - Stasjonen var ukjent for meg frem til Oddbjørg Vigrestad Mellemstrand hadde et innslag på foreldremøte ved Varhaug skule i fjor høst.

Hennes engasjement, positivitet, fokus på å være god nok, gjøre det beste utav seg selv, snakke om det som er vondt, og viktigheten av å sette ord på følelser, rørte meg. Vi trenger disse trygge voksne som heier på barn og ungdom! Vi har alle vår historie.

Oddbjørg og Venke som er ildsjelene bak organisasjonen, har begge hver sine sterke historier som det er umulig og ikke bli berørt av. De er gode medmennesker og forbilder.

Dette er et flott supplerende tilbud for alle barn og ungdom i nærmiljøet. SeMeg - Stasjonen omfavner alle familier samme hvilke utfordringer

hverdagen byr på. Det kan være dødsfall i nær relasjon, psykiske utfordringer, vold, rus, skilsmisse mm. SeMeg driver forebyggende arbeid, sammen med barn og ungdom bygger de gode redskap til å ta frem når livet utfordrer.

Vi er heldige som har et så unikt tilbud tilgjengelig.

Livet er en reise og da er det fantastisk at vi har et stødig og trygt stoppested i nærmiljøet.

Barn og ungdom er nåtiden og fremtiden!

Loddsalget er i gang! TUSEN TAKK til alle dere positive og snille medmennesker som kjøper lodd. Dere er med å gjør en forskjell.

#sammenomåbetyenforskjell

Ønsker dere alle en strålende sensommer og trivelig høst.

Anna Maritha Aasland

Stasjonsvegen

Etter mykje dårleg ver, hadde «spøpet» rundt trea behov for litt førstehjelp, og her er Bjørg og Oddbjørg i full gang med rehabiliteringa.

Sidan det var buss for tog heile sommaren, fekk sjåførar frå heile landet sjå kor fint me hadde det. Det var fleire som nemnde dei spesielle trea, og ein damesjåfør – frå Trøndelag - sa ho vart i godt humør kvar gong ho svinga inn i vegen.



SeMeg BASAR

10. september kl 15.00

på Varhaug idrettshus.

Salg av pølser, kaker, saft og kaffi.

FLOTTE GEVINSTER

Blant annet:

- Gavekort 5000 kr Bohus
- Ipad (Betongsaging)
- Sykkel til gutt (Runar Arvesen entreprenør)
- Hjemmebesøk 1 time konsultasjon (Cave & Cube)
- Gavekort fotografering verdi 2000 kr (Lene & Helene Foto)
- Gavekort massasje og hudpleie (Krystall Hud & Velvære)
- Babyborndukke (Troll i eske) med hjemmestrikket klær
- Hotellovernatting (Sola Air Hotell)
- Moccamaster (Brødrene Sandve)
- Årskort for 1 familie, Jærmuseet
- Signert skidrakt
- Koldtbord for 10 personer (Jærgarden Kvalbein)

...og mange flere kjekke premier sponset av:

Din Frisør, Krims & Krans, Yes vi leker Nærbø, Blomsterkvasten, Pizzabakeren Vigrestad, Paul Aadnesen, Aarsland Møbelfabrikk, Nærbø Bakeri & Konditori, Dyreparken Kristiansand, Elektrofag Jæren, Mæland Rør, Rassin Haugseng, Inga Orsak Sirevåg, Felleskjøpet Varhaug, Kriminalomsorgen Åna fengsel, Eik Senteret Varhaug, Sport 1 Varhaug, 5 Høns Bryne, Kid Bryne, Tilbords Bryne, Esso Varhaug, Circle K Nærbø, Storstova Kino Bryne, Mx Sport Nærbø, Liv Klær & Gaver, Kafe Jærbuen, Jæren Gull & Sølvsmie, Bru Gard og Jærprint. Nortura, Rema1000 og Lotus sponser mat og pynting.

5 kr pr lodd. Betaling kontant eller med vipps: 115483.

Håper på
å se
nettopp
DEG! ♥



Program for Kultur i Løå 2 halvår 2017:

21/9 «Kjærlighetens Bakgater» med Frode Thuen, Professor i psykologi, parterapeut, skribent og foredragsholder

19/10 Celtic Fog» - Tradisjonell irsk folke- og popmusikk.
(wiskey in the jar, Molly Malone... må oppleves)

23/11 Elin Furubotn - I ny drakt saman med Torbjørn Økland fra Vamp

15/12 Julekonsert - med Hanne Sørvåg, Randi Tytingsvåg og Britt Synnøve Johansen. NB: Fredag

Lunsjtreffet kl. 12:00-13:30 i Løå er for alle. 50,- for måltidet.
Datoer: 13/9, 27/9, 11/10, 25/10, 8/11, 22/11 og 13/12

Kjærlighetens bakgater

Et foredrag av professor i psykologi ved Høgskolen på Vestlandet,

Frode Thuen

Som parterapeut, skribent og foredragsholder er han en av landets mest profilerte psykologer og samlivsekspert, kanskje mest kjent for sin ukentlige samlivsspalte i A-magasinet gjennom en årrekke.

Han har for øvrig skrevet en rekke bøker og har hatt ansvar for flere populærvitenskapelige TV-serier, og opptrer ellers hyppig i media.



*Kjærlighet dreier seg ikke bare om å føle. Det dreier seg minst like mye om hvordan vi opptre og oppfatter hverandre.
Velkommen til kjærlighetens bakgater...*

Sted: Lensmannsløå på Varhaug
Tid: Torsdag 21/9-17 kl 19:00
Billettsalg: Bøen og Linticket.no, Pris 200,-

"Ikkje gå deg vill"

Konsert med Elin Furubotn og Torbjørn Økland



Elin Furubotn har lang fartstid og er en kritikerrost og folkekjær artist. Hun har turnert i både inn og utland og er godt kjent for mange fra mye spilletid på NRK P1.

Morten Abel og Børge Fjordheim har sammen med Elin selv vært produsenter på hennes nye album «**Ikkje gå deg vill**».

Torbjørn Økland (fra Vamp) er med Elin til Varhaug og spiller fra den nye platen for oss denne torsdagen.

Nede i Løestovå i Lensmannsløå på Varhaug

Tid: Torsdag 23/11-17 kl 19:00

Billettsalg: Bøen og Linticket.no, Pris 200,-

lik" på Facebook "Kultur i Løå"

For å få påminning på SMS og mail, kan dere melde dere inn i vennelaget (gratis) ved å sende SMS med navn og e-post adresse til: 976 88 571



Celtic Fog spiller tradisjonell irsk folke- og pubmusikk. Dubliners ligger hjertet vårt nært (m låtene Whiskey in the Jar, Molly Malone og Fields of Athenry), men i "Det keltiske" tar vi med oss livlige jigger og skotske Waterboys. Jul eller ikke: Fairytale of New York står alltid på spilleplanen. Bandet består av Elise Dagestad (vokal), Fiona Schaub (fiolin, fløyte), Per Inge Ree (gitar, rytme) og Eivind Landro (gitar, mandolin, trekkspill og vokal)



Julekonsert med Hanne Sørvaag, Britt-Synnøve Johansen og Randi Tytingsvåg fredag 15. desember oppe i Løa på Lensmannsgarden.

En alliansebank i eika.

Vi spiller alltid på hjemmebane

Alle lag er best hjemme. Derfor spiller vi rett og slett ikke bortekamper. Jæren er stort nok for oss. Lokalbanken er ett lag. Plassert sju bra plasser på Jæren.

Telefon 03290
www.jaerensparebank.no

Bryne ◊ Jærhagen ◊ Kleppe ◊ Kverneland
Undheim ◊ Varhaug ◊ Vigrestad



Shotokan karate

Hå karateklubb har oppstart 17 august, og vi ønsker alle gamle og nye medlemmer velkommen. Klubben trener Shotokan karate, som er en av de største stilarter innen karate. Shotokan kjennetegnes særlig av sine dype stillinger og sterke, lineære teknikker. Hovedtanken bak teknikker og bevegelser er at den korteste og raskeste veien fra et punkt til et annet, er den rette linjen.

Hå karateklubb trenes av Sensei Audrone Sirokova, som har 6 Dan (i svart belte), Sensei har trent karate siden 1989, og har flere gullmedaljer fra både VM og LM.

Klubben jobber kontinuerlig med deltakelse til ulike mesterskap. Vi deltar både på regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå. Vi ønsker at flest mulig av våre medlemmer deltar i konkurranser.

Før sommerferien ble 62 medlemmer gradert i klubben. I tillegg gjennomførte vi klubbmesterskap for både barn og voksne, med god deltakelse og innsats.

I vår gjennomførte Sensei den første Dan (svartbelte) gradering i klubben. Magnar Lode oppnådde 2 Dan, og Heidi Lode 1 Dan.

Treningstider:

Mandag: VARHAUG SKOLE

17-18: Nybegynnere • 18-19: Halv/hel gul • 19-20: Voksne fra 15 år

Tirsdag: BØ SKOLE

17-18: Nybegynnere • 18-19: Halv/hel gul • 19-20: Alle f.o.m orange

Onsdag: VARHAUG SKOLE

17-18: Ekstra trening • 18-19: Nybegynnere • 19-20: Voksne fra 15 år

Torsdag: BØ SKOLE

18-19: Alle • 19-20: Ekstra trening

Fredag: BØ SKOLE

18-19: Ekstra trening



Ogna knivklubb

Stifta i 2005

Opptakten til knivklubben skjedde fleire år før det. Husmorlaget arrangerte årleg kurs av ulike slag og tidleg på 90-talet hadde dei m.a. knivkurs. Bjarne Forberg deltok på dette. Han heldt fram med kniv-making, men sakna knivmiljø rundt seg. Hausten 2005, under messa i Ognahallen, spurde han om det var andre interesserte. Det viste seg å vera fleire, og i oktober same år starta dei opp i sløydsalen på Ogna skule. Mange av medlemmene frå den tid er framleis aktive i klubben.

Talet på medlemmer har variert og i år har klubben 10 faste medlemmer frå Varhaug i nord til Sirevåg i sør. Alderen er frå ungdomsskulenivå og oppover. Elias Herredsvella er med sine 88 år eldstemann.

Nokre av medlemmene har gått på knivkurs der dei har fått kunnskap om korleis skaft og slire skal lagast. Nokre har også gått på kurs i Sandnes for å lære smi sine egne knivar.

Til vanleg held klubben til i sløydsalen på Ogna skule, men i den tida det har vore byggearbeid der, har klubben fått bruka sløydsalen ved Varhaug ungdomsskule. Der er klubbkveld tysdagar frå klokka 17.30 - 20.00 i partalsveke. Der deler ein erfaringar og råd, drikk kaffi med noko attåt, pratar og har det hyggeleg saman. Særleg er medlemmene opptekne av å finna spanande emne (ebne) til knivskafta. Ulike treslag (særleg om det er fine mønster), bork og kunstmateriale er noko av alt som blir nytta. Knivane som blir laga, er for det meste vanlege bruksknivar, men forma kan variera ein god del.

Dei 5 siste åra har medlemmer frå klubben stilt opp saman med sløydlærar på Ogna slik at alle i 10.



klasse har kunna laga sin eigen kniv som så er vurdert i samband med karakterfastsetting. Dette har vore svært populært. Klubben har også hatt med 4 H-medlemmer som har hatt kniv som oppgåve. Dei har vore med på klubbkveldar og får rettleiing og råd.



Ein av elevane lurte om han skulle satsa på knivmaking. «Ja, om du er nøgd med 25 øre timen så går sikkert det,» var svaret han fekk. Knivklubben er først og fremst ein hobbyklubb. Det er gleda ved å skapa og å koma saman som er hovuddrivkrafta. Og så ser ein det som ei viktig oppgåve å oppehalda eit aktivitetstilbod også på dette området. Den er open for alle som har lyst til å bli med og nye medlemmer er derfor særskild velkomne.



Da er høsten her og korpsåret i gang igjen. Vi har startet opp med øvingen på skulen. Der øver vi mandager fra 1600 til 1800 om noen kunne tenke seg og begynne i korpset. Alle fra og med 3.klasse er hjertelig velkommen.


Vi avsluttet fjoråret med en skikkelig kosetur. Vi hadde bestilt togtur med hotellovernatting i Kristiansand. Der fikk vi bl.a. gå i snopebutikken, vært på Aquarama badeland. Og på lørdagskvelden, etter et bedre måltid på restaurant, hadde vi fått låne et konferanserom på hotellet. Der rigget vi oss til med kino på storskjermen. Veldig kjekt. Søndagen hadde vi en god og lang frokost, etterfulgt av en gåtur og omvisning i Kristiansand sentrum. Så ble det litt utpå buss for tog hjemover.

Høstens store øvingsmål er uten tvil Stavanger Open. En konkurranse for korps i hele regionen. Vi har tidligere år gjort det veldig bra og fått med oss hjem både pokaler og god omtale. Og vi satser på at vi klarer å oppnå gode resultater i år også. Dette går av stabelen i Stavanger Forum lørdag 18. November.

Til slutt vi jeg rette en stor takk til alle som er involvert i korpset, og alle som støtter opp om oss. Bygda trenger virkelig et korps. Og korpset trenger bygda.

For Styret i Varhaug skulemusikkorps.
Kjartan Aanestad

I sist nummer av Varhaugbuen skreiv eg om ei litt spesiell bok om Arne Garborg: «Utanfor i vest bryt havet på». Eg tykkjer boka er spesiell grunna teikningane til Jan Th.Værp, som verkeleg får fram dei gode tekstane til Garborg. Nå er det like før boka skal trykkast, og her ser de kva det var som fekk Tarald Ueland til å setja i gang dette prosjektet. Lanseringa skjer på Samfunnshuset på Undheim 17. oktober med eit allsidig program. Arbeidet med boka er støtta av historielaga i Hå, Time og Klepp i tillegg til Undheim bygdemuseum. Liv



Kvifor denne boka?

Alt frå barneåra var eg oppteken av tekstane til Arne Garborg. «Småspørven gjeng i tunet», var den første teksten hans vi lærde i den vesle skulestova på Ueland i Varhaug. Seinare vart vi kjende med Veslemøy i diktverket Haugtussa.

Første skuleturen vår gjekk til Knudaheio våren 1956. Det skuleguten hugsar best, var dei låge dørene og den korte senga. Arne Garborg var ikkje høg, men som forfattar var han stor.

I år er det 125 år sidan Arne Garborg sat nede ved havet i Klepp kommune og skreiv «Fred». I opningskapitlet skildrar Garborg Jæren så godt at ingen i ettertid har klart det betre. Det står i ei særstilling i norsk litteratur, og jærbuen har fått eit eigarforhold til denne teksten.

Eg har i mange år hatt ein draum om å gje ut ei bok med dette korte kapitlet med illustrasjonar til. Eg leita etter ein illustratør, og kom til å nemna dette til Garborg-venen Torstein Tunheim. Han sette meg straks i kontakt med Jan Værp. Då han hørde om draumen min, svarta han: «Dette har eg lyst til å hjelpe deg med.»

Mange arbeidstimar ligg bak desse heilt spesielle teikningane, som tek oss tilbake til Jæren anno 1892, året då Garborg skreiv «Fred». Jan Værp sine teikningar forsterkar jærdiktaren sin tekst og skaper ein heilskap i denne boka.

I kapitlet «Den store jærromanen» har Tom Hetland gitt ei historisk og god rame kring Garborg sitt forfattarskap.

Eg vonar at boka vil gje lyst til å lesa meir av Arne Garborg.

Tarald Ueland
forleggjar

Kommunedelplan for Varhaug sentrum

Kommunestyret godkjente den 15. september 2016 (sak 15/16) dokumentet «Planstrategi 2016 – 2019». I planstrategien er det fastlagt at det innafor inneverande kommunevalperiode skal utarbeidast ein kommunedelplan for Varhaug sentrum.

Ein slik sentrumsplan skal fastlegge dei overordna måla og rammene for den fysiske utviklinga av Varhaug sentrum som lokalsentrum og sentrum i Hå kommune i åra framover.

Om lag 4 200 innbyggjarar soknar i dag til Varhaug sentrum som sitt lokalsenter. Planarbeidet skal bygge på kunnskap, kreativitet og vilje til utvikling og bevaring av dei verdfulle historiske faktorane som har forma tettstaden. Integreringa mellom sentrum og tettstaden omkring må vidareførast. Nye eigna rammer for ei ønska sentrumsutvikling skal utformast. Det skal leggjast vekt på at planarbeidet skal vere opent og tilgjengeleg med breid medverknad frå alle som interesserte og engasjerte i sentrumsutviklinga.

Kommuneplanutvalet har det politiske ansvar for utarbeiding av kommunedelplanar, mens administrasjonen ved planavdelinga i tenesteområdet tekniske saker og næring, vil stå for det praktiske utgreiings- og planarbeidet.

Avgrensing av planområdet

I gjeldande kommuneplan er sentrumsområdet på Varhaug avgrensa med eigen formålskode, «Sentrumsformål». Planavgrensinga for kommunedelplanen vil i utgangspunktet vere dette området. Spørsmålet om grensene for det som skal definerast som sentrum skal justerast, vil likevel vere ein naturleg del av arbeidet med sentrumsplanen.

For enkelte tema, som for eksempel trafikk og grøntanlegg, vil analyseområdet måtte omfatte eit større område for å få sett bruken av sentrum inn i ein større samanheng.



Aktuelle problemstillingar

Aktuelle problemstillingar og utgreiingsbehov:

1. Identitet - visjon
2. Sentrumsavgrensing
3. Funksjonar i sentrum
4. Byggjereglar i sentrumsområdet
5. Byrom, parkar, grøntanlegg
6. Samferdsel og parkering
7. Gamle Varhaug - Verneverdige bygningar
8. Barn og unge
9. Kommunaltekniske utfordringar
10. Energi og klima
11. Samfunnstryggleik

Ordførar Skrettinglands veg

Det er nok ikkje alle som veit kor denne vegen er. Den er ganske ny, og du finn den i Toppavegen på Varhaug. Det var ei «gåve» til ordførar Jonas Skrettingland, då han feira 60 års dagen tidlegare i sommar. Tenk for ei gåve, å få ein veg kalla opp etter seg! Vel, nå var visst dette ikkje etter kommunalt regulativ eller noko, men ein gimmick frå gode venar. Håpar at skiltet vert ståande. Steinbukken i Prestakrysset starta og som ein gimmick, men sjå nå; steinbukken er på plass i den nye rundkøyringa på Nærbø og! Varhaugbuen ynskjer ordføraren vel overstått med ein stor dag. Me reknar med at han har hatt mykje moro med denne gåva.



Medverknad

Det er både utfordrande og arbeidskrevjande å få til god medverknad i slike omfattande planprosessar som ein kommunedelplan må gjennom. Samtidig er det viktig å få til ein god prosess der dei viktigaste brukargruppene får eit eigarforhold til planen.

I arbeidet med kommunedelplanen for Nærbø er den såkalla «Gjestebodsmodellen», etter eit mønster frå Svelvik kommune, blitt nytta. Erfaringane frå dette arbeidet viser at den modellen er svært arbeidskrevjande for administrasjonen. For gjestebodsdeltakarane krev det eit aktivt engasjement over lang tid.

Erfaringane frå arbeidet på Nærbø tilseier at opplegget for medverknad for Varhaug bør forenklast noko, men der ein held på hovudprinsippa.

Utanom dette vil begge høyringsrundane, dvs. for planprogram og for planutkastet, gje alle interesserte høve til å kome med innspel og synspunkt. I tillegg bør det i samband med at planutkastet blir lagt ut til offentleg ettersyn, organiserast eit offentleg høyringsmøte.

Framdrift

Utarbeiding av ein ny kommunedelplan er eit arbeidskrevjande arbeid. Plan- og bygningslova har i tillegg fleire krav til sjølve planbehandlinga som medfører at planleggingsprosessen vil måtte strekke seg over ein relativt lang periode. Det er i forslag til framdriftsplan lagt til grunn at planprogrammet skal ferdigbehandlast i løpet av hausten 2017. Heile 2018 fram til sommaren 2019 går med til utarbeiding av grunnlagsdokument og utforming av planforslag. Høyring av planforslaget og sluttbehandling kan då skje i løpet av hausten 2019 med endeleg planvedtak omkring sommaren 2020.

Høyring

Planprogrammet for kommunedelplan for Varhaug sentrum blir lagt ut til offentleg ettersyn i løpet av september 2017, du får då anledning til å komma med innspel til dette. Nærmare info finn du på kommunens nettsider, www.ha.no/kunngjeringar når det er lagt ut.

*Ole Von Erpecom Vikse
seniorrådgiver*

Siste nytt frå Varhaug: Hå genseren



9. mai 2017 vart ein merkedag for eigarane av butikken «Troll i esken», Sølvi Tove Berge og Mia Maurseth; Då vart nemleg den nye Hå genseren presentert, og det er dei to som har designa mønsteret.

I mange år har me strikka Marius genser og Setesdal kufte, men nå er det kome noko nytt og gildt herifrå til glede for mange. Som de vil sjå av biletet, har dei fått med både steinbuk og vindmøller. Dei har mønster til både genser og jakke i tillegg til lue for jente og gut. Sølvi Tove og Mia fortel at dei sel dei nye mønstera mest kvar einaste dag, og det er og eit stort utval av fargekombinasjonar.

Når ein ser på alt «spødet» som heng i Stasjonsvegen, er det mange på Varhaug som er flinke med pinnar og garn. Men er du ein av dei som av ulike grunnar ikkje kan gjera arbeidet sjølv, går det an å bestilla ein jakke eller genser hos desse flinke og kreative damene på «Troll i esken» - garn- og leikebutikken på Coop Extra på Varhaug.


Varhaug



Glimt frå Varhaug marken

Det vart vellukka markensdagar, sjølv om det vart i pinsen. Nok litt mindre folk enn i fjor, men det var i alle fall fullt «trøkk» i teltet til bygdekvinnelaget, då frukosten vart servert laurdag. Veret var haller surt på fredag, men vart ganske godt på laurdag då Varhaugmilå vart avvikla. Elles kosa folk seg med godt drøs, og kaffi og litt å bita i var det mest over alt. Det var og høve til både å få litt maling i fjeset av 4H, eller du kunne mala ei av Arnstein sine brikkje til undergangen.

Spødet på trea i Stasjonsvegen var på plass i god tid før Marken, men leiaren i bygdekvinnelaget, Oddbjørg Skrettingland, hadde venta med eitt. Og dette vart avduka og høgtideleg gitt til bedriftsforeninga, som ein ekstra «spiss på Varhaugmarken» Og det var sett av eit tre til dette: slik at dette spødet «ser» rett på Rådhuset.



Basartid

Når bladet kjem ut er basaren 2017 til Varhaug bygdekvinnelag historie. Eg vil her nytta høve til å takka for den fine måten er vert teken imot på min årlege tiggerunde, og ikkje minst takk for alle dei flotte gevinstane eg fekk. Minste føre å ha basar når ein møter eit så velvillig næringsliv. Nok ein gong; MANGE TAKK!
Liv
(Nyttar med same høvet - på vegne av laget – å takka alle som har kjøpt lodd, både på Coop og Spar, pluss hos loddseljarar elles.)

Trimmen til bygdekvinnelaget og Sissel

Det er vanleg med ein sommartur før trimmen tek ferie, og i år vart det tur med Ørstdølen med innlagt grilling. Ei god kringle til kaffien, hadde me og med oss. Ein gild tur i flott ver, og me hadde oss og ein tur opp til den gamle garden Dyrskog.

Velkommen til Hå hagelag sine møter

Torsdag den 14. september får vi besøk av Svein Erik Tønnesen.
Tema: stauder.

Torsdag 12. oktober kommer Elin Rydningen, hun har
Tema: Hageplanlegging, kreativ og kunnskapsbasert plante planlegging.

Begge møtene er i Lensmannsløa på Varhaug kl.: 19.00

*For Hå hagelag
Solvor*

Ny medeigar i Varhaugbuen:

VENNELAGET FOR LENSMANNSLØA

Varhaugbuen er glade for nye medeigarar og oppfordrar med dette andre lag/organisasjonar til å verta medeigarar i Varhaugbuen. Ein andel kostar kr 1000,-.

Ein kveldstur utanom det vanlege

Alle har me sett dei mange vindmøllene på Høg Jæren, men det er sikkert ikkje mange som tenker på koss desse er frakta opp dit. Eg bur i same huset til ein av dei som hadde denne transporten for nokre år sidan, og eg var lova å vera på ein nattleg tur med vengene. Men av ein eller anna grunn så passa det korkje for meg eller dei som køyrde, sjølv om det var mange turar. MEN nå, har eg endeleg vore med på ein vengetransport. Klepp Spesialtransport, same firmaet som på Hør Jæren, har sidan februar køyrt vindmøller i Egersund, og sist veke fekk eg vera med ein tur.

Du kan ikkje skriva om eit firma i Klepp i Varhaugbuen, var det einkvan som sa, og som køyrer venger i Egersund. Men eine eigaren av firmaet bur på Hobberstad, og då det og var dei som og køyrde på Høg Jæren, så måtte dette gå an.

I tillegg til svigersonen min, er og barnebarnet med på køyringa. Og ikkje nok med det, sist veke måtte Elin - dotter mi- - trø til som fylgje-bil sjåfør. Så då var det mest som ei familiegje.

Då Norodd, Elin, meg og ein sjåfør kom til Egersund kl. 20.00 stod 3 bilar opplasta med kvar si venge og ein bil med eit tårn. Så var det berre å venta til politi og vegvesen var på plass, og køyringa kunne starta. Det vart ein ganske lang karavane som etter ei tid kom av garde; først 2 politibilar, så ein fylgjebil før dei 3 vengebilane kom, og så til slutt ein fylgjebil. Barnebarnet mitt køyrde den siste vengebilen, og heilt til slutt Elin i fylgjebilen, meg som bladfyk og så Norodd som måtte gå ut av og til for og sjå etter at alt gjekk godt på vanskelege stader. For å få 3 venger frå kaien i Egersund og opp til anleggsplassen, treng ein 7 personar frå firmaet.

I denne transporten er det presisjonskøyring av øverste klasse. Bil og tilhengar er 62 meter, og sjølve venga på 57,5meter vippar og svingar litt der vegen er vel krapp.

Eg gjekk ut av bilen ved den første rundkøyringa før brua til «Øyna». Her var alle skilt fjerna, slik at transporten uhindra kunne klara den skarpe svingen. Det var imponerende køyring, men det var tydeleg at dette var noko sjåførane hadde gjort før. Så det tok ikkje lang tid før me alle var over brua, gjennom tunnelen og klar for Egersund sentrum og gågata. Og her kom presisjonskøyringa endå betre fram. Det er ikkje mykje klaring til husveggene, og her køyrer tre 62 m lange «bilar» etter kvarandre! Nok ein gong; dette er heilt imponerende!

Vel ute av sentrum, gjekk det relativt raskt mot avkøyringa til Koldal og me var inne på ein anleggsveg. Her snudde politi/vegvesen og køyrde tilbake til kaien for å losa den fjerde

bilen med tårnlasta trygt til same stad. Her var det og på plass ein fylgjebil.

Koldal er eit kjempestort anleggsområde, der det skal koma opp 33 vindmøller. Transporten innover og oppover i heia tok si tid, for vegen var ganske svingete.

Det hadde begynt å mørkna då me køyrde oppover, og i tillegg var det litt tåke, så det var ikkje lett å ta noko bilete av dei oppsette vindmøllene. Heilt mørkt vart det før me i fylgjebilen kunne køyra tilbake til Hobberstad.

I tillegg til desse vindmøllene som skal opp i Koldal, har firmaet køyrt 50 til Tellenes. Når dei nå er ferdige i Koldal, skal det 7 møller til Svåheia og 3 til Asko på Tindefjell. Når dei er ferdige med desse i oktober, har Klepp Spesialtransport køyrt vindmøller tri kvart år. Alt i alt har det vore 450 turar m/politieskorte til Tellenes og 360 turar m/politi til Koldal.

Dettevar ein mektig og imponerende kveldstur. Eg lurde lenge på kva eg kunne samanlikna turen med, og kom fram til at dette var mest like mektig som då eg for 2 år sidan var i hang glider i Sveits.

Eg sa etterpå at det måtte vore gildt og sett denne transporten frå lufta. Nå er det filma og eg har nett sett transporten på PC'n. Og det var gildt!

På face book sida til firmaet, kan du og sjå dette!

Biletet vart sendt til firmaet frå ei Jona Bjørk Jonsdottir som var ute i båt.

Koss ligg det an i sentrum?

Det er ikkje så veldig mange som driv næring i sentrum, så difor er det ekstra viktig at me som bur på Varhaug, nyttar oss av dei.

Varhaugbuen har vore ein runde rundt i butikkane, for å høyra koss det står til.

Røyrlegger Team AS har nå vore i sentrum eit år. Nærare bestemt i Sentrumsgården, eller gamla handelslaget om du vil. Dei seier dei er vel nøgde med flyttinga, for her syner dei meir igjen enn oppe i Oppstadvegen, og difor vert det og meir folk som kjem innom. Bra!

Jæren dyrehelse AS

Veterinæren Marius Usvalta er kjempenøgd med utviklinga dyreklinikken har hatt sidan dei starta opp for snart 2 år sidan. Marius arbeidar nå 100% som dyrlege. Han har og ordna seg med ein avløysar; ein annan dyrlege er på plass dersom Marius vil ha fri, eller av andre grunnar ikkje kan vera på arbeid. Hundefrisøren har og mykje å gjera, og i tillegg er det to i 50% stilling i resepsjonen. Ein kan og få både mat og andre ting til kjæledyra sine her. Gildt at det er liv i gamle banken. Bedrifta er på facebook, men det er nok munn til metoden, som har gjort dei mest kjent, seier Marius.

Thai - kafeen i Sentrumsgården

Sidan sist, har det kome ny eigar til denne. Ei hyggeleg dame - Yopadee Penjan, starta opp like etter Varhaugmarken, og har altså vore på Varhaug i tre månader. Ho er 39 år og bur på Tjelta saman med mann og 3 barn. Ho har lang reisetid kvar dag, men seier det går, men at det er travelt. Ho har så pass høg husleige, at ho er aleine på jobben. Men har hjelp på

søndagane. Ho fortel det var ganske stille i ferien, men at det nå går betre.

Ho har ein del faste kundar, men det meste er nok take away. Kafeen er open frå kl. 13.00 - 20.00.

Ho fortel at ho hadde stand på Vigrestaddagane, der var fullt kjørt heile tida. Ho var ikkje heilt klar over kva dette var, så hadde ho vore betre budd, kunne ho nærast dobla salet. Varhaugbuen har testa maten, og den er veldig god. Så vil du ha noko anna lettvtint i staden for pølse/brød, så kan thai maten anbefalast på det varmaste. Eller det kan vera lunsj ein dag det ikkje er noko i løa?

FlexiFiks.no

Sidan i sommar har FlexiFiks.no hadde til i Sentrumsgården. Her driv Jan Eivind Nærland (dagleg leiar/service teknikar) med sal og service av kontormaskinar, TV overvaking og radiostyte bilar. Han leverar og blekk og tonar til dei fleste printarmerke. Han har ikkje fast opningstid, men er å treffa på telefon 98 62 49 81 eller jen@flexifiks.no.

Pizzabakeren på Varhaug skal 9. september opna ein liten spelesal i Sentrumsgården. I første omgang kjem det biljard og fotball/hockey-spel. Dette er mynta på ungdom/barn - frå 8 år og oppover. Pizzabakaren har og planar om å starta med bufe neste månad frå kl. 11.00-15.00.





Fjåge folk på Jærmessa

I år hadde messa fått “ny drakt”; og den var kun lørdag/søndag. Ute var det telt overalt, så ein gjekk mest i ein labyrint mellom store traktorar og andre ting til jordbruket. Og så må eg ikkje gløyma alle dyra, som ungane kunne kosa seg med, og ikkje minst kalvemønstringa og miss Jæren på søndag. Andre utstillingar og maten var i den nye hallen. Her var og bygdekvinnelaget på plass med steiking og sal av nordlanslefser. Den gamle og kltreveggen var til ungane. Her var og 4H på plass, klar med ansiktsmaling. Eg lika godt “den nye messa”, ikkje minst med alle dei aktivitanane det var for ungane, kun med ei betaling for alt! Eg veit ikkje kor mykje folk det var innom, men i alle fall på søndagen “koka det” over alt, og det såg ut som folk kosa seg. “Vel blåst” Liv



JÆR MESSA

Det var godlydar frå både besøkande, utstillarar og dugnadsfolk på messa. Spesielt gildt var det å sjå på alle dei svette ungane som var høgt og lågt på aktivitetar, akkurat slik det passar seg i eit idrettslag. Takk til alle som bidrog til å laga ei gild helg på Varhaug!

Eva Hegre, Varhaug idrettslag

Foto: Bente H. Knutsen



Lerbrekk skule

Grillkveld uten grilling

Torsdag 3. august hadde me grillkveld på Lerbrekk, utan grilling. Det er første gong me har måtta avlyse grillinga, og me starta opp med grillkveld i 1999. 18 gonger med grilling, og den 19. gongen vart altså utan grilling. Tysdag 1. august fann me ut at med dei vêrmeldingane som var spådde, var det håplaut med grilling og uteliv. Så derfor endra me planane og arrangerte ein gild kveld inne i skulestova. Sjølvsaft var det berre menyen som skulle endrast litt. Elles gjekk alt etter planen med musikk av Agnes Varhaug og hennar gjeng. Irene, bassgitar, Arild, Olav, Sølvi-Elin, Anne Marie og Agnes på trekkspel. Dei har ei speglede som smitta over på dei som var møtt fram. Ein vert i godlag og får lyst å nynna med. Heldigvis vart det rikeleg høve til å syngja med i mange kjende og kjære allsongar, nesten som taket på skulestova ville letta. Men heldigvis gjorde det ikkje det, for då hadde regnet kome inn.

Sigbjørn Varhaug kunne ynskje velkomen til 55 personar. Det var endå til Lerbrekkvener langveis i frå, heilt frå Søgne og Hovsherad. Når folk kjem så langvegs frå er det ekstra gildt for oss som lagar til. Sigbjørn leia, og batt det heile saman med nokre gode historier innimellom songar og musikk. Ingunn og Anne Margrethe hadde kontrollen på kjøkken, og det smaka godt med karbonadar, pølser,

småeple frå Husveg, og salat. Kaffi og kaker fekk me òg.

Først spelte musikanane nokre musikkstykke, mellom anna, Västsküstens vals, Dansen på Sunnanö, Noas Snoa, og Sommernatt i Froland. Nokre allsongar vart det òg før matservinga. Me song; Vi vandrer med freidig mot, Å, Vestland, Vestland, og Blant alle lande i øst og vest.

Etter pausen spela musikanane Lille Laila, Kari Pers Polka, Setergalopp, Gärdebylåten, Det var du som sa nei, Slovensk polka. Med hadde fleire allsongar, som Mellom bakkar og berg utmed havet, Blåmann, blåmann, bukken min, Du ska få en dag i måra, Gammel jegermarsj, Tordenskjold, Sønnavindsvalsen, Den glade vandrer og Fager kveldsol smiler. Faktisk ga sola eit lite smil akkurat då me song den songen. Til slutt song me så Tobias Skretting sin Kveld på Jæren.

Sigbjørn takka musikanane med kvar sin rosebukett. Han takka og alle som hadde møtt fram, og ynskde vel heim.

Musikanane spelte endå nokre gilde tonar før folk tok til å rusle heim. Den musikken kvikkar opp i alt det sure veret.

Brit Obrestad



Gamle skulebøker

Lerbrekk skule har fått ein del gamle skulebøker etter lærarane Ragnar Fitje og Thomas Framnes. Inger og Brit har sortert bøkene og sett dei inn i skapet i den eldste skulestova. Neste gong du er innom skulen kan du berre setje deg på ein pult og studere, og mimre litt om skuletida på Lerbrekk, eller ein annan skule. Her er litt av kvart - reknebøker, lesebøker, norsk-bøker, søge, geografi, naturfag, kjemi, fysikk, bibelsøge, katekisme, salmebok, songbøker med meir.

Sundagskafeen held fram første sundag i kvar månad framover, 1. oktober og 5. november, kl. 14 – 17. Sal av kaffi, vaflar og kake.

KUNST & KULT har
salsutstilling helga
28. og 29. oktober kl. 11 – 17.

Jæren Qviltelag har
salsutstilling helga
11. og 12. november kl. 11 – 17.

Velkomen til Lerbrekk skule

Minner om at Vennelaget Lerbrekk har eiga side på Facebook der me legg ut informasjon om det som skal skje.

Helsing Vennelaget



Refleks...Refleks...Refleks...

Det er mørketid. Husk difor lys på sykkelen, refleks på kleda eller aller helst refleksvest når du ferdast ute i mørkret.



Magne Klingsheim med sammenlagt seier i NM, det er hans 12. NM seier.



Mathea Selebø med en flott sammenlagt andre plass i MX Damer



Glenn Moi som er Norgesmester i speedway 500 cc for andre år på rad.

HAALAND BILVERKSTED

Vi er bilverkstedet for alle vanlig forekommende bilmerker. Vi har kompetansen til å gjøre det beste for akkurat din bil - og din lommebok.

Hvis bilen din har garanti, vil den fortsatt gjelde etter et besøk hos oss. Det er fordi vi alltid utfører service og reparasjoner i henhold til produsentenes instruksjoner - og at vi bare bruker reservedeler i henhold til foreskrevet kvalitet. Enten du er ute etter reparasjon eller service, kan du føle deg trygg ved å levere bilen til oss.

MECA-STEMPEL I SERVICEBOKEN FORTELLER AT DU TAR GODT VARE PÅ BILEN DIN.



OPSTADVEGEN 647, 4360 VARHAUG
 TLF. 90 50 65 66





Full konsentrasjon foran mål.



NM Jr.

Sidan det går ei stund for det kjem ut noko nytt VIL-blad, tykte me at dei flinke juniorane til VIL måtte få koma med i Varhaugbuen. Her er bilete frå 4. runden NM jr. som vart spela i Stavanger mot Viking. Det vart diverre tap, men berre det å koma til 4. runde, er litt av ei bragd. Dette står det respekt av! Varhaugbuen ynsker dei lukke til vidare. Stå på gutar!

Foto: Espen Woldstad



Erik Bratland i fint driv framover.



Mange Varhaugfolk hadde tatt turen til Stavanger for å heie fram våre gode juniorer.



Lars Trygve Madland med god skli-takling for å avverge et Viking angrep.

**DU KAN FÅ NYTT HUS
- UTEN Å FLYTTE!**

**Ta kontakt for uforpliktende pristilbud på
979 46 255 eller jarle.reime@norgeshus.no**

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jgunnau@online.no

**• SERVICE • DELER
• REPRÅSJONER**

Stoff-frist

Stoff frist for neste blad er
4. november

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller leggja det i postkassa til Liv.

**Sender du Word dokument
må bildene vedlegges som
egne filer i JPG format.**

Bygdekvinnelaget

Saker til årsmøtet i Varhaug bygdekvinnelag torsdag 28. september, må vera hos styret før 10. september.

Fredagskosen

på Coop Extra tek til igjen etter ferien fredag 8. september kl. 10.00 - kl. 12.00. Sal av kaffi og vafler. Alle er velkomne til ei avslappande stund i handlerunden med drøs og kos kvar fredag framover.

Musikkkabaret

Lørdag 24. september vert det musikkarbaret på Jaderheim "Kurt Well på jærsk" med Espen Hana og Ann Kristin Sørvalg.





- interiørkonsulent
- golvlegger
- systue
- gave og interiør
- solskjerming
- maling
- tapet
- parkett

Vi har **utvalget** som passer deg!



FARGERIKE HALVORSEN

Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00
E-post: post@fargerikehalvorsen.no
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.

FARGERIKE



STRIPET SOLSIKKEFRØ
25 KG. SEKK

379,-



VALESEKVERN
VIKING GE 135.0 L

SPAR 795,-
(4 290,-)

3 495,-

BLÅSE- & SUGEAGGREGAT
STIHL SH 56

STIHL
SPAR 495,-
(2 990,-)

2 495,-



FK BUTIKKEN VARHAUG
TLF. 51 77 14 70

ÅPNINGSTIDER
MAN-FRE 8-17 LØR 9-14



butikkken

fkra.no/fkbutikkken

Forbehold om utsolgt og trykkfeil i annonsen